



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 3/ 2025 – Tysdag 13. Mai 2025, kl 16.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Sveio sokneråd:

Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Anne Gjelsvik Vierdal og 2. vara Sigrund Breistig

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Eirik Aadland Tappel

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Astrid Furdal, Sigrun Breistig og Jostein Valen.

Tekst for dagen ved Eirik Aadland Tappel.

Saker som vart handsama:

Godkjenningssaker.

14/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 250325, vedlagt.

Drøftings- og godkjenningssaker.

15/2025 Tilbakemeld frå utvalet som skulle vurdere ressurs- og disponeringsbehov i kyrkja sin STAB, sak 16/2024 og 02/2025.

15A-1/2025 Fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Kontormedarbeidar.

15A-2/2025 Nedsetjing av intervju- og tilsetjingsutval for 40% stillinga som Kontormedarbeidar.

15B/2025 Utlysing av stilling som Kantor/ Kyrkjemusikar.

15C/2025 Budsjettprosess og Budsjettoppfølgjing.

15D/2025 Investeringar - robotgrasklipparar.

13/2025 Ny gravplassarbeidar etter Jeroen Bode som slutte 250325 – status og framdrift.

16/2025 Rekneskap 2025 mot budsjett, blir presentert i møte om budsjettet er oppdatert.

17/2025 Ferieplan og ferievikarar sommaren 2025.

18/2025 Møteplan for hausten 2025.

Orienteringssaker.

19/2025

- A. Staben vår.
- B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.
- C. Rehabilitering v tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.
- D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging..
- E. NY 040225: Elevar frå ungdomsskulen på arbeidstrening i FR kvar tysdag kl 12.20 – 13.40 til ferien.
- F. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta.
- G. NY 040225: «Medarbeidarfest» onsdag 040625.
- H. NY 130525: Ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.
- I. NY 130525: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje.
- J. NY 130525: Tilbakemelding frå kommunal representant etter møte med Formannskapet/ Dagfinn

Neste møte 02.09.25, kl 16.30? – kjente saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 130525.
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624, 030924, 291024, 191124, 031224 og 040225, 250325, 130525..

Sveio, 06.05.2025

Solfrid Lier Habbestad (sign)
Leiar FellesrådetRita Holmedal (sign)
Kyrkjevevje**GODKJENNINGSSAKER.**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	14/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 14/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 250325.

Det var ingen merknader til Innkallinga eller møteprotokollen.

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	15/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

15/2025 Tilbakemeld frå utvalet som har vurdert ressurs- og disponeringsbehov i kyrkja sin STAB, sak 16/2024 og 02/2025.**Dokument i saka: Vedlegg 15/2025.****Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 130525:**

Vedlagt dokument 15/2025.

Behandling i møte 130525:

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 130525:

Sjå enkeltsakene 15A – 15D.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	15A-1/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

15A-1/2025 Fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Kontormedarbeidar.

Dokument i saka: Vedlegg 15/2025, pkt 2..

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 130525:

Vedlagt dokument 15/2025, pkt 2

Behandling i møte 130525:

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 130525:

Stillinga til Kyrkjeverja vert auka frå 80 til 100%, og vi tilsett kontormedarbeidar i 40% stilling. Stillingane er effektuert i rekneskapen for 2024, som viser eit mindreforbruk på 143 027. Viser elles til vedlegg 15/2025, pkt 1.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak – mot ei stemme, som ville auka stillinga til arbeidsleiar ute med 5%, og fjerna 5% som er knytta mot denne stillinga på Soknehuset.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	15A-2/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

15A-2/2025 Nedsetjing av intervju- og tilsetjingsutval for 40% stillinga som Kontorsekretær/ Kontormedarbeidar.

Dokument i saka: Vedlegg 15/2025, pkt 2.

Utvala skal i utgangspunkt vera samansette av medlemmar av FR og Kyrkjeverja.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting og vedtak 130525:

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjevevja, med grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga skal inneha, leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet, Solfrid Lier Habbestad, og sokneprest Eirik Aadland Tappel bistår.

Tilsetjingsutval.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny i kontormedarbeidar.

Behandling i møte 130525:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	15B/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

15B/2025 Utlysing av stilling som Kantor/Kyrkjemusikar.

Dokument i saka: Vedlegg 15/2025, pkt 3.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 130525:

Vedlagt dokument 15/2025, pkt 3.

Behandling i møte 130525:

Det var ønskeleg å auka stillinga til 60% - slik at ein nådde same stillinsprosent som den vakante stillinga hadde hatt (50%+60%+20% (barnekoret))

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 130525:

Vi lyser ut ei 50% stilling som Kyrkjemusikar – ei stilling ut over dert bør vurderast på eit seinare tidspunkt om behovet tilseier det. Stillinga vert delvis dekkja av vikarar vi har i stillinga i dag, og elles som vist til i vedlegg 15/2025, pkt 1.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på ei 60% stilling.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	15C/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

15C/2025 Budsjettprosess og Budsjettoppfølging.

Dokument i saka: Vedlegg 15/2025, pkt 4.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 130525:

Vedlagt dokument 15/2025, pkt 4.

Behandling i møte 130525:

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 130525:

Vi følgjer opp Budsjettprosess og Budsjettoppfølging i trå med det som er skissert i vedlegg 15/2025 under pkt 4.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak mot 2 stemmer og ei blank.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	15D/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

15D/2025 Investeringsar – robotgrasklipparar.

Dokument i saka: Vedlegg 15/2025, pkt 5.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 130525:

Vedlagt dokument 15/2025, pkt 5.

Behandling i møte 130525:

Det vert gjennomført ein prøveperiode i sommar.

Leverandør: Haukås dekk- og fritid.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 130525:

Vi vurderar kjøp av ein eller to robotgrasklipparar over investeringsbudsjettet for 2026.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	13/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

13/2025 Ny gravplassarbeidar etter Jeroen Bode som slutte 250325 – status og framdrift.

Utlysingsfristen vart utvida frå 25.04 til 04.05. Vi har to søkjarar til stillinga. Det blir gjennomført førebuande møte 130525, og intervju vert gjennomført snarast etter det.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	16/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

16/2025 Rekneskap 2025 mot budsjett.

Dokument i saka: Blir presentert i møtet om budsjettet er oppdatert.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 130525:

Presentert Rekneskap mot Budsjett.

Behandling i møte 130525:

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 130525:

Rekneskapen vert tatt til orientering.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	17/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

17/2025 Ferieplan og ferievikarar sommaren 2025.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 130525:

Vi tilset ein ferievikar snarast for å dekkja opp for Jeroen Bode - inntil det er på plass ny person i den stillinga.

Vikaren som vert tilsett no, vil 'og få tilbod om sommarjobb. I tillegg tilset vi Helena Sexe, som har vore utplassert skuleelev hos oss i vår – ho skal jobbe litt på kontor og litt ute.

Som i fjor – så har alle Kyrkjetenarane våre fått tilbod, men dei har fått lærlingjobb eller anna sommarjobb, og vil dermed ikkje vera aktuelle.

Vi vurdere no tre som har søkt på sommarjobb hos oss, men ønskjer å landa den faste stillinga før vi tek endeleg stilling til behovet, men planen er at det skal vera to på jobb ute gjennom ferietida – slik som i fjor. Hilde vil elles vera fleksibel om det skulle bli gravferder.

Det er vidare eit mål om å ha kontoret ope minst to dagar i veka gjennom ferietida, men må jobbe litt meir med den kabalen, når det andre er på plass. Kyrkjeverja vil elles vera tilgjengeleg 'og i ferietida.

Med litt fleksibilitet, vil dermed truleg ferieplanen gå opp i år 'og 😊.

Behandling i møte 130525:

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 130525:

Møtet tar ferieplanen til orientering.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	18/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

18/2025 Møteplan for hausten 2025.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 130525:

Møta vert primært haldne i Sveio Soknehus, frå kl 16.30

1. Møtet: 02.09
2. Møtet: 21.10
3. Møtet: 09.12

Behandling i møte 130525:

Det var ønskeleg å endra møtedag frå tysdag til onsdag.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 130525:

Møta vert halde onsdagar og primært i Sveio Soknehus, frå kl 16.30

1. Møtet: 03.09
2. Møtet: 22.10
3. Møtet: 10.12

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 130525:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.05.13	19/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår.

Status 130525: Ingrid slutta 290224, Haldis gjekk av som førtidspensjonist 010225. Brit slutte 300924. Jeron Bode slutta 020525, men har avspasert i april med oppsparte timar frå i fjor sommar. Anne har svangerskapspermisjon fom 13.12.24 tom 07.08.25 + ferie. Oddrun Rosenberg Jacobsen vil starta i nyoppretta prosjektstilling for besøkstenesta innan diakoni 010625. Sissel Elisabeth Fjellsbø starte i stillinga som leiar for kyrkjelydsarbeidet medio august, og Alie Hamberg vil auka stillinga si som kantor frå 30 til 50% fom 010825. Vi jobbar for tida med å få på plass ny tilsett for Jeroen Bode.

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med egne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025 og 2025/2026..

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.

Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.

Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.

Status 250325: Prestesakristiet vart ferdigstilt til innsetjing av ny sokneprest 090225. Arbeidet med noverande dåpssakristi/ kjøkken er under planlegging og blir prioritert framfor det andre sakristiet som for tida vert nytta til el installasjonar og noko lager..

C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådsgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjevevja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.

Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjevevja følgjer opp.

Status 250325: Ny oppdatert søknad vert sendt i løpet av hausten.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.

- E. NY 040225: Elevar frå ungdomsskulen på arbeidstrening i FR** kvar tysdag kl 12.20 – 13.40 fram mot sommarferien. Ansvarlege i STAB: Eirik, Hilde og Rita.

Status 250325: Ei av elevane er med vidare, og har møtt opp kvar gang - med unntak av fråvær pga gravferd og heildagsprøvar.

- F. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta** er etterspurde på Heimesida til kyrkja, og blir lagt ut så snart som muleg.

- G. NY 040225: «Medarbeidarfest» onsdag 040625.**

Nytt namn på festen? Ansvarlege for festen er STAB, PROGRAM – musikals innslag, helsingar ved prost, ordførar mm.

- H. NY 130525: Ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.**

Trude-Christina Helgesen Halvorsen, 35 år, har jobba som prest i Bærum i 2 år, ønskjer å busetja seg i soknet, kjem frå Bergensområdet.

- I. NY 130525: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje.**

Finansiert med investeringsmidlar frå kommunen og tilskot frå ENOVA – oppstartmøte halde 070525 – planlagt ferdig nov/ des 2025.

- J. NY 130525: Tilbakemelding frå kommunal representant etter møte med Formannskapet/ Dagfinn**

Møtet med Formannskapet er utsett.

Rita Holmedal – Kyrkjeverje/ referent

Signaturar: